


NR. 2

MARS 1996

29.ÅRG.

GOD PÅSKE!



*Altartavla i Ytre Arna kyrkje, måla av Axel Revold.
Foto: Jon Tesdal*

Faste

Jes. 58, 5-9a


*Er dette den faste eg vil ha:
ein dag då mennesket plagar seg sjølv,
heng med hovudet som sevet,
kler seg i botsdrakt
og ligg i oske?
Kallar du dette for faste,
er det ein dag etter Herrens vilje?*

*Nei, så er den faste som eg vil ha:
at du løyser dei som med urett er bundne,
sprengjer banda i åket
og friar ut dei som er trælka,
ja, knekkjer kvart åk,
at du deler ditt brød med dei som svelt,
og let heimlause stakkarar koma i hus,
at du kler den nakne som du ser,
og ikkje sviktar dine eigne.
Då skal ljuset ditt renna som morgonroden,
snart skal dei lækjas, og gro, dine sår.
Di rettferd skal gå føre deg
og Herrens herlegdom sist i ferda.*

*Då skal Herren svara når du kallar på Han,
når du ropar om hjelp skal han seia:
«Her er eg!»*

Kjære medmenneske!

Av Bjarne Fjellveit



Korleis har du det i dag? Er dagen god og leveleg, eller slit du med tankar og problem av ymse slag? Tykkjer du om deg sjølv at du er lite vellykka, du strevar i jobben din, du slit med å vera familiemedlem som skal vera snill og god og ta omsyn til alle kantar? Fritid og ferie er ikkje slik du ønskjer deg. Du kjenner deg kanskje einsam og lite påakta.

Har du nokre av desse problema å streva med, er det ikkje så lett å vera menneske. Kanskje det som står først i denne lsinga, kjære medmenneske, er vanskeleg å ta til seg. For livet har møtt deg med så mange vonbrot. Den eine og den andre skuffa stort og gjorde deg fortvila. Dei næraste var ofte dei som såra mest. Og så har du opplevd at den som du rekna med å stola mest på når noko var vanskeleg, nettopp vende deg ryggen. Då gjekk noko inne i deg av hengslene. Så seier vi at den er bra dum som ikkje blir klok av skade. Det blir rekna som rimeleg klokskap å ta lærdom av sine røymsler. Og du er eit menneske som er klok av skade. Du reduserer dine forventningar til andre, du er forsiktig og påhalden.

Tillit vert bytta ut med skepsis. Det vert eit ope rom mellom deg og andre menneske som du skulle hatt fellesskap med. Du har «lært» av dine dårlege røymsler. Men prisen er høg, for kjærleiken og nærleiken er borte. Ein vond prosess er i gang. Einsemda vert sterkare og «kunnskapen» din om andre menneske dømer både dei og deg sjølv. Du er inne i eit

uføre, og tilværet er problematisk. Vi har bruk for kvarandre når noko er vanskeleg. Eg trur det er råd å finna hjelp når eg slit med problem av eit eller anna slag. Dersom du har ein bibel eller eit testamente tilgjengeleg, vil eg be deg om å slå opp i Rom. 8.1 og lese det veraset. Korleis kan eit menneske få ta til seg det som står der? Jau, kort sagt seier det meg at om alle andre meiner eg er eit null som mislukkast på alle vis, så er eg ikkje dømd av Gud så lenge eg trur på Jesus Kristus. Gud har ikkje blitt klok av skade med bakgrunn i sine røymsler med meg. Han kjenner meg og veit at eg er lite å stola på og rekna med. Eg er av natur ingen Guds-ven. Ofte set eg Gud til side, eg overser han og trassar han. Når eit medmenneske sviktar meg, tar eg det med i reknestykket neste gang eg har noko med det mennesket å gjera, og eg bryt gjerne kontakten. Slik er ikkje Gud. Han har ikkje «lært» noko negativt om meg. Han er ikkje villig til å sleppa meg. Hos Gud er kjærleiken sterkare enn dei dårlege røymslene han har med meg. Gud held sin evige lovnad om frikjenning og nåde for Jesu skyld. Og denne lovnaden er frigjerande fordi han set livet mitt inn i rette samanhengen og syner meg kven eg er og kva eg er verd.

Kjære medmenneske, ser du Guds hjelp til deg?

ARNA PRESTEGJELD

Arna Kyrkjekontor, Borgstova, Indre Arna: Tlf. 55 24 04 00 og 55 34 02 15.

Kontortid: Tirsdag, onsdag, fredag kl. 10.00-12.00.

Torsdag kl. 17.30-19.00.

Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jepsensv. 39: Tlf. 55 24 85 46.

Kontortid: Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Kyrkjegardane i Arna: Tlf. 55 24 05 69. Kontortid: Månd.-fred. kl. 10.00-11.00.

Hva er nytt i den nye kirkeloven?

Av Trygve Johansen

Den norske kirke får i disse dager en ny kirkelov. Den nye kirkeloven er en videreføring av de gamle lovene og ikke et brudd med dem. Den gamle kirkeloven går delvis tilbake til reformasjonstiden, og derfor er det nå nødvendig med en ny. Når vi står overfor en reform i kirken, så melder følgende spørsmål seg: Hva er det nye i den nye kirkeloven? Først og fremst vil den nye kirkeloven innebære at menigheten blir mer selvstendig i sitt forhold til kommunen. Den nye kirkeloven fører videre prinsippet om at kommunen fortsatt skal ha økonomisk ansvar for menigheten, men heretter skal menigheten selv disponere midlene. Menigheten får dermed et større ansvar enn den hadde tidligere. De kommunale bevilgninger står altså fortsatt ved lag, men disposisjonsretten blir nå flyttet til menigheten. Den nye kirkeloven legger altså opp til at kirken skal bli mer selvstendig, særlig på det lokale plan.

I alle kommuner med flere sokn skal det bli opprettet et kirkelig fellesråd. Dette kirkelig fellesråd skal bli det sentrale styringsorgan for kirken. I følge lovforslaget skal dette rådet ha følgende mandat: «Kirkelig fellesråd skal ivareta administrative og økonomiske oppgaver på vegne av soknene, utarbeide mål og planer for den kirkelige virksomhet i kommunen, fremme samarbeid mellom menighetsrådene og ivareta soknenes interesser i forhold til kommunen.» (§14) Det kirkelige fellesråd får dessuten ansvar for drift og vedlikehold av bygninger, forvaltning av kirkegårder og ansvar for alle stillinger i kirken

unntatt prestestillingene. Kirkelig fellesråd skal dessuten ha en daglig leder, f.eks. en kirkeverge. Hovedoppgavene til Kirkelig fellesråd blir innenfor økonomi og planlegging. I tillegg til dette blir arbeidsgiveransvaret en prioritert oppgave. Den nye kirkeloven formaliserer en praksis med kirkelig fellesråd som mange kommuner har hatt i lang tid. Kirkelig fellesråd blir heretter altså obligatorisk i alle norske kommuner.

Hvilke forhold får kirkelig fellesråd til de allerede eksisterende menighetsråd? Menighetsrådets oppgaver blir i hovedtrekk som tidligere. «Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres ved å vekke og nære det kristelige liv i soknet.» (§9) Den nye kirkeloven åpner dessuten opp for at menighetsrådet kan bestemme at en av soknets tilsatte skal være daglig leder av virksomheten på lokalplanet. Menighetsrådet har fortsatt ansvaret for menighetens virksomhet lokalt, men Kirkelig fellesråd får ansvar for de økonomiske rammer rundt det lokale menighetsarbeid. Den økonomiske side av saken vil særlig merkes på de kirkelige stillingene. Klokkere, organister og kirketjenere vil få Kirkelig fellesråd som sin arbeidsgiver. Det betyr at kirkelig fellesråd heretter blir den part som må opptre i forhold til arbeidstakerorganisasjonene.

Etter å ha lest igjennom forslaget til den nye kirkeloven, så synes jeg forslaget i hovedtrekk er godt. Kommunen og kirken har gjensidige forventninger til hverandre, og dette

kommer nå klart fram i lovs form. Den nye kirkeloven klargjør samarbeidsforholdet mellom kommune og kirke på en tydelig måte. Når kommunestyret nå går ut som kirkelig organ, og det kirkelige fellesråd overtar, så betyr det at det lokale kirkelige ansvar blir styrket. Loven legger likevel opp til et fortsatt nært samarbeid mellom fellesråd og kommunestyre, siden kommunen også etter den nye loven er den bevilgende myndighet. Når den nye kirkeloven og den nye gravferdsloven blir vedtatt, så blir 18 eldre lover opphevet. Det blir derfor nå lettere å forholde seg til det kirkelege lovverk.

Det er nødvendig med en ny kirkelov for Den norske kirke. Den vil gi bedre styringsmuligheter enn vi til nå har hatt. Når hele lovsystemet blir forenklet, blir det lettere å se sammenhengen mellom vedtak og resultater både for menighetsråd og kirkelig fellesråd. Hvis loven får fungere etter sin hensikt, så kan den bli en vitalisering av vårt menighetsarbeid.

Vi ønsker derfor den nye loven velkommen.

Vårkonsert

m/Bjarte Leithaug, Betania barnekor og Jubel m/band.
Lørdag 23. mars kl.17.00. i Betania, Lone.

Arr. Betania barnekor.



Takvam kapell

Bønetime den 11^{te} (ellefte)
kl. 18-19 i kvar måned.

Velkommen!

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, Boks 11, 5260 Indre Arna.

Redaktør: Magne Mestad.

Redaksjonsnemnd: Klara Ulveseter, Asle Reigstad og Magne Mestad.

Bladpengar: Kr. 35,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgironr.: 0805 31 04445.

Trykt i Grafisk Forum A/S, Ytre Arna

Trur du ikkje det hjelper stort, om du lærer eitt einskild menneske i den 3. verda å lese og skrive?

Støtt kampen for fred og rettferd!



Kirkens Nødhjelps Fasteaksjon 1996



Fasteaksjonen i Arna sokn Tirsdag 26. mars

Av Audny Nesse

Tirsdag 26. mars blir det innsamlingsaksjon i Arna. På denne dagen blir det innsamlingsaksjon til Kirkens Nødhjelp i heile landet.

Nauda i verda er stor. Me ber om di hjelp. Di gåve kan gi mat til dei som svelt, klede til dei som frys.

Fastebøssa ligg ved i dette bladet. Frå kl. 17.00 innsamlingsdagen vil bøssebærarane koma på di dør. Takk for det

du gir, og for at du tek vel imot dei som kjem.

I Arna vil konfirmantar, konfirmantforeldre og andre frå kyrkjelyden ta del i innsamlingsaksjonen.

Aksjonen blir avslutta med gudsteneste i Arna kyrkje, der bøssene blir borte fram på altaret, og me ber om Guds velsigning for Kirkens Nødhjelp sitt arbeid.

Fasteaksjonen i Ytre Arna/Haugland Onsdag 27. mars

Av Trygve Johansen

Også i år blir det innsamling i Ytre Arna/Haugland til Kirkens Nødhjelp. Årets tema er «Sett oss fri!» Dette er ropet fra mange millioner mennesker som lider under fattigdom, sult og undertrykkelse. Kirkens Nødhjelp har som målsetting å samle inn 14 millioner kroner i årets Fasteaksjon.

Fasteaksjonen setter preg på norsk menighetsliv i ukene før påske. Vi får i denne tiden hjelp til å se andre men-

neskers livssituasjon og gjøre noe med den. Fasteaksjonen er en mulighet for oss til å handle på tvers av den trend som er i vårt samfunn i dag.

Onsdag den 27. mars i år går konfirmantene rundt i Ytre Arna og Haugland med fastebøsser. Vi ber om at de blir tatt vel imot. Gi en skikkelig gave til mennesker som er i nød denne gangen!

Søndagsskulane i Arna presenterer seg

Fyrst ute er Hauge søndagsskule, Betania Lone:

Vi har søndagsskule kvar søndag frå kl. 11.00 - 12.00, og møter kl. 10.45 for å bli registrert.

Frå ca. kl. 11.00-11.30 er vi saman både søndagsskulen, 3-10 år og Søndagsringen (SR) 10-14 år. Så deler vi klassen.

Dei som har teke til på skulen, får eiga tekstbok. I tekstboka står bibeltekst, oppgåver, rebusar o.l. SR-deltakarane har alltid bibel med. Ei lita gåve til misjonen høyrer med til søndagsskuletimen.

Vi får eit fint blad som heiter Barnas Søndagsblad. Der finn du forteljingar, brevvener, ting du kan laga, og du kan vera med på skattejakt og mykje meir. Barnas Søndagsblad kan og bestillast av

enkeltpersonar, og då får du det tilsendt i din eigen postkasse. Pris ca. kr. 70 pr. år.

Men det som er det aller viktigaste for oss, er at vi saman skal bli betre kjende med Jesus, og bli glade i Han. Derfor vonar vi at du kan finna din søndagsskule i ditt nærmiljø. Vi har plass for mange fleire born på vår søndagsskule.

Våren 1996 har vi søndagsskule fylgjande søndagar:

10. mars

24. mars

8. april (søndagsskule/gudsteneste i Betania)

21. april

5. mai

Helsing oss på Hauge søndagsskule



Borna frå Hauge søndagsskule samla til søndagsskule i Betania, Lone.

Garnes Søndagsskule

Garnes søndagsskule held til på Garnes Barneskule og har søndagsskule kvar søndag med unntak av dei søndagane det er familiegudsteneste i Arna Kyrkje. Vi byrjar kl. 11.00 og held som regel på til kl. 12.00-12.15.

Vi er no 4 leiarar, Reidun Erstad, Lillian Stormo, Viktor Abildgård og Grete Giske Oksavik (formann). I tillegg er vi i vårsemesteret 96 heldige å ha to koselege konfirmantar saman med oss, Ann Kathrin Garnes og Cecilie Gjengedal. Dei er der som ein del av konfirmantundervisninga si.

Det siste skuleåret har det vore over 60 ungar innom søndagsskulen, men vi er ca. 20 kvar gong. Vi har det koseleg i lag. Vi syng og spelar både nye og gamle barnesongar. Ein del av ungene har også med seg foreldra sine, og det ser vi på som svært positivt. Vi ledarane skiftar på å ha andakt, og ser det som viktig å få formidla glede og tryg-

gleiken gjennom den kristne budskapen.

Kvar søndag har vi ei form for aktivitetar, og vidare dette semesteret har vi desse planane:

17. mars. Søndagsskule. Kosetund. Ta med brus og noko godt.

24. mars. Familiegudsteneste i Arna kyrkje.

31. mars. Søndagsskule. Vi lagar påsketing.

7. april. Ingen søndagsskule.

14. april. Familiegudsteneste i Arna kyrkje.

21. april. Søndagsskule, vi lagar glassmaleri.

28. april. Søndagsskule, vi teiknar.

Vi har det koseleg i lag på søndagsskulen, og håpar at enda fleire vil vere med i flokken. Du er hjerteleg velkommen!



Her er nokre av dei som går på Garnes søndagsskule.



Kven av oss har ikkje sett og høyrte glade born syngja «Min båt er så liten og havet så stort-?» Og sett korleis dei minste med stor konsentrasjon og alvorleg mine prøver å følgje med på ørsnelene? Mange av oss hugsar vel med glede attende...

Songen «Min båt er så liten -» får dei fleste av oss til å tenkja på søndagsskulen. Og det er ikkje det minste rart - ettersom denne songen høyrer med til den klassiske søndagsskulesongen!

1-2-3 «Min båt er så liten -»

Men mykje har forandra seg dei siste 10-åra - også i søndagsskulesamanheng. Det er ikkje like sjølvstøtt at borna kjem til søndagsskulen lenger - og det trass i at søndagsskulearbeidet alltid har vore - og er - ein viktig del av kyrkja si dåpsopplæring. Difor vil Bergens Søndagsskulekrets våren '96 ha ein søndagsskuleaksjon som har fått namnet «Min båt er så liten -» Og dette er ein 1-2-3-aksjon!

1. Minna om søndagsskulen

Det er svært viktig at vi ofte minner om at søndagsskulen er her - og vil gi ei hjelpande hand med dåpsløftet. I denne aksjonen vil vi difor prøva å koma inn på fleire store kjøpesenter i krinsen og markera søndagsskulearbeidet der. Vi vil formidla det søndagsskulen står for og har å gi borna i dag. Samstundes og parallelt med dette vil vi ha:

2. Krinsutlodning for Bergens søndagsskulekrets

Dei fleste søndagsskulane vil vera med og selja lodd. Frå midten av februar kan de alle få vera med og støtta søndagsskulearbeidet økonomisk ved å ta vel imot loddseljarane! Lodda kostar kr. 5. Og førstegevinsten? Ein båt sjølvstøtt. Flott båt óg! Askeladden 430 med 25hk motor! Om «min båt er så liten -» Kom og sjå sjølv når vi driv søndagsskule-PR på kjøpesentra. Då har vi han med oss på hengar - og har du fått for lite lodd, kan du få kjøpa fleire då! Vi reknar med og vera på plass frå 15. mars og utover.

3. styrkja leiarfelleskapet i søndagsskulen

Parallelt med at vi reiser kringom på kjøpesentra, vil vi også prøva å få til leiarssamvær med søndagsskulearbeidarane. Vi vil snakka saman om arbeidet i søndagsskulen, gjerne ta opp eit aktuelt emne - og samstundes drøfta strategi for «aksjonen» lokalt. Det er så viktig at vi får koma saman og inspirera kvarandre i dette viktige arbeidet mellom borna.

Så håpar vi at vi kan rekna med deg - både i aksjonen og elles i søndagsskulearbeidet, slik at komande generasjonar også med glede kan få syngja: «Min båt er så liten og havet så stort, men Jesus har gripe mi hand...»

Misjons teigen


Utdrag av helsingar frå misjonærane våre til misjonsfesten i Arna bedehus, 21. jan. 96

Björg Mæstad seier ho har fått livet på nytt. Da ho var på heimeopphald medan ho var misjonær i Kenya, vart ho utsett for ei alvorleg ulukke. Det er over 2 år sidan. No er ho heilt frisk.

I jula var ho i Kenya ein tur. Der hadde dei bedt bevisst for henne og jubla over bønsvaret. Ho kan og fortelja om vekkjing mellom tidlegare elevar og kollegaer i Kenya.

No bed ho om forbøn til å finna vegen ho no skal gå.

Dei takkar for alle julehelsingar og for trufast forbøn. Dei bur no i Ngaoundere. **Målfrid** er fagrettleiar i kristendom for dei 38 barneskulane som kyrkja driv. Det er og store utfordringar i staten sine skular.



Målfrid og Chance, N.M.S.

Til sommaren kjem dei til Noreg. Då vonar dei å kunne bu i Bergen, gjerne i Arna.


Målfrid reknar med å arbeida i NMS eit år. Chance satsar på utdanning. Så vil dei begge dra tilbake til Kamerun.

Ho ber oss hugsa misjonærane når dei er på reis, for trafikkfårane er mange.

Bergfrid Almelid førebur seg til misjonsarbeid på Elfenbenskysten. F.t. studerer ho fransk i Frankrike. Ho vonar på misjonærvigsling i Arna. I neste nr. av Kyrkjelydsbladet vil ho sjølv fortelja om livet sitt. Ho helsar o med Rom. 8,35-39.

Leidulf Øy er yngstemann i denne staben. Vi hugsar han som smågut og ungdom i Arna. Han seier i brevhel-singa at han kjenner på at det er i Arna han har røtene sine. «Når jeg ser tilbake ser jeg hvor mye menigheten i Arna betydde for meg i de viktige barne- og ungdomsårene.»

Leidulf studerer ved Misjons-høgskulen i Stavanger der han har 4 år igjen. Om misjonskallet seier han: «Noe som ble viktig for meg når valget skulle tas, var vissheten om at det er Gud som sender meg. For jeg vet at når han setter oss til noe, så kan han bruke oss slik vi er, og han gir oss den utrustning vi trenger. Misjonen er ikke først og fremst vår idé, men Guds idé.»



Leidulf Øy, misjonskandidat N.M.S.

Leidulf helsar med same bibe-lord som Bergfrid.

Vi avsluttar denne kavalka-den med hel-sing frå **Hilde** og **Geir Øy**.

Vi hugsar ordinasjonen i Arna kyrkje i sept. 1994 og festen i Kyrkjelydshuset etterpå. Der møtte vi óg Hilde og vesle Martin.

Etter planen skulle dei ha vore misjo-ærar for NMS i Pakistan no, men Hilde har fått ein sjukdom som viser at utreise ikkje er tilrådeleg. Dette har vore ei tung avgjer å ta.

Sitat frå brevet: «Vi vil gjerne helse dykk med eit vers frå 1. Kor. kap. 1. Vi snakkar gjerne om kall til ulike tenes-ter. Ein kjenner kall til barnearbeid, ein annan til diakoniteneste i kyrkjelyden. Vi har tenkt på dette med kall. Og det er vel slik for mange av oss, at vi gjerne vil gjere noko for Gud. Men det er eit kall som kjem før alle andre kall. Det



Geir Øy, ordinert i Arna kyrkje i sept. 94.

er eit kall som vi aldri må gløyme. Vi les frå Korintarbrevet: «Gud er trufast, han som har kalla dykk til samfunn med Son sin, Jesus Kristus, vår Herre.» Vi er kalla til samfunn med Jesus. At han har kalla oss, skal vere vår grunn-leggande tryggleik. Vi høyrer Gud til fordi han har kalla oss, og vi har fått ta imot. Ikkje for nokon annan grunn.

Maria sette seg ved Jesu føter. Peter og dei andre læresveinane fekk føtene sine vaska. Det er bilete på at Jesus vil betjene oss først. Dei andre tenestene kjem etterpå. Etter at grunnlaget er lagt. La oss ta dette med oss, der vi kvar på vår plass ynskjer å leve etter hans plan.

Guds fred!

No jobbar Geir som kateket i Lura menighet. Hilde er ein til to dagar i veka i eksp. på Misjonshøgskulen. Frå sommaren -96 ser dei seg om etter ei stilling i kyrkja og eit misjonsengasje-ment i den samanheng. Kanskje vert det i Bjørgvin.

La oss slå bønering om misjonærane våre.

Klara Ulveseter

LOPPEMARKED

Lørdag 23. mars kl. 13.00

Det blir kafé, moteoppvisning og sang ved Keryx. Lopper (klær, bøker, sportsutstyr, babyutstyr o.l.) kan leveres på kyrkjelydshuset hver torsdag mellom kl. 18.00 og 21.30.

For henting, ring Synnøve tlf. 55 24 00 41.

STØTT OPP OM UNGDOMSARBEIDET

NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



Døpte:

Arna sokn:

03.12.95: Retting: Morten Myrdal
Mjelde, ikke Monrad

14.01: Henning Engesæt, Vidar
Holmefjord

14.01: Øyvind Håbrekke, døpt i
Trengeid kapell

28.01: Alf Inge Larsen, Håkon Vatne
Norheim, Are Andre Mjelstad, Fredrik
Borge Minde, Robert-Andre Heimvik,
Kine Solberg Johnsen, Astrid Lyssand
Drangsholt

28.01: Marta Vassdal Vedaa, døpt i
Takvam kapell

28.01: Håvard Muller Lysebo, døpt i
Sofiemyr kirke

11.02: Henriette Viktoria Skagen,
Andreas Berge Akselberg

25.02: Kristin Engevik Mikkelsen, Tom-
Ruben Hoff, Anne Berit Moldsvor

Ytre Arna sokn:

11.02: Anders Olsen Tveterås, Olve
Sebastian Lekven Janson

18.02: Kristian Fønnes Reksten

25.02: Thomas Korneliussen Birkeland



Vigde

Arna sokn:

Arthur Andreas Lien og Kjellaug
Haugsdal

† Døde

Arna sokn:

05.01: Alfred Nikolai Bjørndal, f. 1897
09.01: Borghild Johanna Nordbø, f.
1907

16.01: Birgit Wiken, f. 1900
16.01: Ingebjørg Hjelmbrække, f. 1935

18.01: Jenny Rolland, f. 1912

26.01: Maria Mæstad, f. 1903

05.02: Anna Grinde, f. 1910

09.02: Kristin Amanda Johnsen, f. 1943

Ytre Arna sokn:

04.01: Silje Sagstad Kronen, f. 1898

09.01: Knut Sivert Rolland, f. 1905

19.01: Johannes Lidtun, f. 1904

02.02: Arthur Mikkelsen, f. 1920

05.02: Ida Olsen, f. 1906

Ofringar:

Arna sokn:

14.01: Nordh. Indremisj.
Forskj. møter 28.442,-

21.01: Barne- og ungdomsprosjekt
kr. 2.464,-

28.01: Bønneseminar kr. 9.127,-

28.01: Bønneseminar kr. 3.248,-

28.01: Bønneseminar (kveldsmøte)
kr. 6.594,-

28.01: Bønneseminar kr. 14.300,-

28.01: Bønneseminar, i alt
kr. 33.268,50

04.02: Bibelselskapet kr. 2.596,-

04.02: Bibelselskapet (kveldsmøte)
kr. 3.655,-

11.02: Barne- og ungdomsprosjekt
i Kamerun kr. 3.297,-

17.02: Keryx kr. 747,-

18.02: Barne- og ungd.arbeid
kr. 5.538,-

25.02: Kyrkjelydsarbeid kr. 1.900,-

Ytre Arna sokn:

21.01: Kyrkjelydshuset kr. 1.713,50

04.02: Det norske Bibelselskap
kr. 2.602,50

11.02: Det norske Misjonsselskap
kr. 1.800,00

18.02: Diakonitualet i Ytre Arna
kr. 1.552,00

25.02: Santalmisjonen kr. 1.277,50

Møteveke i Ytre Arna bedehus

Misjonssambandet har møte i Ytre
Arna bedehus 26.-31. mars.
Talar: Oddvar Risøy.

Kyrkjeskys

Haukeland/Unneland

17.03: Odmund Skjoldal
tlf. 55 24 28 76

24.03: Ingrid Hope tlf. 55 24 08 08

31.03: Palmesøndag: Jens Hauge
tlf. 55 24 01 43

04.04 Skjærtorsdag: Nils Minde
tlf. 55 24 01 54

05.04: Langfredag: Berit Haugsvær
tlf. 55 24 08 15

07.04 1. påskedag:
Sverre Myklebust
tlf. 55 24 29 05

08.04 2. påskedag:
Odmund Skjoldal (Betania)

14.04: Ingrid Hope

21.04: Nils Minde

Møte, Betania, Lone

Mars.

Møte, Betania, Lone.

Søndag 17. NLM.

Torsdag 21. Husmøte.

Søndag 24. Barnekoret. Familiemøte
kl. 16.00. Søndagsskule

Tirsdag 26.- Søndag 31. NMS-veke.

April

Torsdag.04. Nattverdmøte.

Mandag 08. Gudsteneste kl.11.00

Søndagsskule. NLM kl.19.30.

Torsdag 11.- Søndag 14.

Samemisjonen.

Lørdag 20. Unge vaksne - kveld.

Søndag 21. Eldrefest kl. 16.00.

Audun Myksvoll. Søndagsskule.

Torsdag 25. Husmøte.

Lørdag 27. NLM. Basar kl. 16.00.

Søndag 28.NLM.

Prestegjeldsstemne i Arna kyrkje

for Den Norske Sjømannsmisjon/Norsk kirke i utlandet
På kyrjekaffien 24. mars fortel kretssek. Terje Bjørndal om Sjømannsmisjonen
og viser film i Kyrkjelydshuset.
Du er hjarteleg velkommen.

Søndagsskulen treng deg

Kan du tenkja deg å byrja som søndagsskulearbeidar i Arna-området?

Så er du velkommen.

Ta kontakt med Arna Søndagsskulelag v/Svein Mjelde, tlf. priv. 55 24 28 71,
arb. tlf. 55 24 04 00.

ARNA GRAVFERDSBYRÅ

Espeland



Kåre Bj. Hope

Tlf. 55 24 08 08 – Mobil tlf. 945 01504

Står til teneste med alt ved dødsfall

SAMDALS

BYRÅ
JONSVOLLGATEN 1

55 90 19 80 hele døgnet

Kommer også hjem for samtale.
J. Teigland tlf. privat 55 24 22 23



KIRKENS SOS

Treng du nokon
å snakka med?

Ring 55 32 32 00
frå klokka 19 til 07
alle dagar

eller mellom klokka 10 og 14
mandag til fredag

RUTH STEPHANSEN
SONETERAPEUT NFS
Soneterapeut Øreakupunktur



Moldalia 28B
5230 Espeland
Tlf.: 55 24 00 83

Solstrands BEGRAVELSESBYRÅ

HERMAN FOSSGT. 11, 5007 BERGEN

Våre representanter i **Arna**
Helge Spilde tlf.: 55 24 38 92 og
Willy Soltvedt tlf.: 55 24 76 23



DØGNVAKT
55 32 55 50

Vi kommer hjem for samtale og gir gjerne forhåndspris

FØREKORT KL. B

- Fornøyde kunder
- Trygge sjåførar

Tlf. 55 24 00 83/94 68 88 41

Erik Stephansen
trafikksskole

BLOMSTER

til enhver anledning!
Ring vår blomstertlf.

55 24 25 95



5260 Indre Arna

Frødis
SALONGEN

Garnesveien 41 – Indre Arna
Tlf.: 55 24 00 68

Stedet for moderne og
fagmessig hårdesign
Dame • Herre • Brudepynting



Fagkunnskap gir
trygghet
10 % for pensjonister alle dager.



Spesialforretning i blomster

Dekorasjonsbinderi, buketter og kranser.

Pynting av kirke,
konsert- og forsamlingslokaler.

Espeland Gartneri

5230 ESPELAND TLF. 55 24 08 09
ARTHUR HOPE

Din lokale
storbank
i Arna!

KREDITKASSEN

Filial Arna – tlf. 55 24 05 20

I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup,
konfirmasjon og barnedåp.

Keiveland A.S
Ur og Gullsmed

5260 Indre Arna – Telefon 55 24 04 96

Vi reparerer alle typer
husholdningsapparat.
Monterer TV-antennar,
også TV 2.

**Litangen
Husholdningsservice,
Garnes**

Telefon 55 24 02 87

Velkommen til kyrkje

- 15.03:** **Arna kyrkje kl.19.00:** Offisiell åpning av kulturdagane. Konsert m/Haukeland songlag og Arne musikkforening. Sjå oppslag.
- 17.03:** *4.s.i.faste - Joh. 6,24 - 36*
Arna kl.11. Kap. Trygve Johansen. Nattverd. Takkoffer til Barne- og ungdoms prosjekt.
Ytre Arna kl.11. Familiegudsteneste. Pastor Ivar Smedsrød. Ytre Arna Barne- og ungdomskor deltek. Kyrkjekaffi for konf.foreldre. Takkoffer til MF.
- 17.03:** **Arna kyrkje kl. 19.00:** «Visst skal våren komme». Arna kyrkjekor, solistar, musikarar. Dir.: Jostein Aarvik. Opplesing Olav Vikse.
- 21.03:** **Takvam kl.19.30:** Kap. Trygve Johansen. Nattverd.
- 24.03:** *Maria budskapsdag - Luk. 1,46-55*
Arna kl.11: Familiegudsteneste. Prost Kjell Nese. Barnekantoriet. Dåp. Takkoffer til Barnekantoriet. Kyrkjekaffi. I samband med prestegjeldsstevne for Den norske Sjømannsmisjon viser sekr.Terje Bjørndal film på kyrkjekaffien.
Ytre Arna kl.11: Sokneprest Olav Seim. Nattverd. Takkoffer til Institutt for sjelesorg.
- 31.03:** **Trengreid kl.11:** Sekr. Terje Bjørndal. Takkoffer til Sjømannsmisjonen.
Palmesøndag - Joh. 12,12-24.
Arna kl.11: Prost Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Ytre Arna kl.11: Pastor Arnfinn Haram. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- 04.04:** *Skjærtorsdag - Joh. 13,1-15*
Arna kl.11: Kap. Trygve Johansen. Nattverd. Takkoffer til Bjørgvin Bispedømeråd.
Ytre Arna kl.11: Prost Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til Kirkens SOS.
Takvam kl.16.00: Kap. Trygve Johansen. Nattverd.
Arna helseheim kl.16.00: Prost Kjell Nese. Nattverd.
- 05.04:** *Langfredag - Joh. 18,1-19,30*
Arna kl.11: Pasjonsgudsteneste. Prost Kjell Nese.
Ytre Arna kl.11: Pasjonsgudsteneste. Kap. Trygve Johansen.
- 06.04:** **Arna kl.23.15** Påskennattsgudsteneste. Prost Kjell Nese og kap. Trygve Johansen. Liturg: Eli Johanne Rønnekleiv. Organist Jostein Aarvik. Samansatt kor.
- 07.04:** *1. Påskedag - Joh. 20,1-10.*
Arna kl.11: Høgtidsgudsteneste. Kap. Trygve Johansen. Nattverd. Takkoffer til Sjømannsmisjonen.
Ytre Arna kl.11: Høgtidsgudsteneste. Prost Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til Blå Kors.
Redningshytta på Gulffellet kl. 13.00: Påskeandakt v/Jens Hauge.
- 08.04:** *2.Påskedag - Joh. 20,11-18*
Trengreid kl.11.00. Prost Kjell Nese. Takkoffer.
Betania kl.11.00. Kap. Trygve Johansen.
- 14.04:** *1.s.e.påske - Åp. 2,1-7*
Arna kl. 11.00: Familiegudsteneste. Prost Kjell Nese. Dåp. Takkoffer til Barne- og ungdomsprosjekt.
Ytre Arna kl.11.00: Kap. Trygve Johansen. Nattverd. Takkoffer til Bibelskolen på Bildøy.
- 21.04:** *2.s.e.påske - Åp.2,8-11*
Arna kl. 11.00: Kap. Trygve Johansen. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydshuset.
Ytre Arna kl.11.00: Familiegudsteneste. Prost Kjell Nese. Speiderne deltar. Takkoffer til kyrkjelydshuset.
Ytre Arna kl.19.00: Samtalegudsteneste. Kap. Trygve Johansen.
- 26.04. Arna kl19.00:** Samtalegudsteneste
- 27.04.** **Arna kl.19.00:** Musical m/Keryx